

GENERALFORSAMLING I MSOF

29.11.2007

Generalforsamlinga vart gjennomført på Periskophytta, Haakonssvern. Det var 23 frammøtte under møtet.

Som ordstyrar vart Jan Sommerfelt-Pettersen valt, medan Hans Olav Neteland vart valt som referent.

Det var ingen kommentarar til innkallinga, så denne vart godkjent.

Formann, Atle Hansen Røsseland gjekk gjennom foreininga sine aktivitetar for 2006-2007 i årsberetninga for MSOF. Denne ligg som vedlegg til dette referatet. Det var ingen kommentarar til årsberetninga.

Siden MSOF er ein del av SMS, har ikkje MSOF eige rekneskap. Alt kring det økonomiske vert ivarettatt av SMS: Kasseraren i MSOF, Cecilie Tveit, kunne ikkje ta del i generalforsamlinga. Oversikt over tilførte og brukte midlar vart derfor presentert av Sommerfelt-Pettersen. Det kom ingen kommentarar til den økonomiske oversikta.

Val:

Valkomiteen var sett saman av Jan Sommerfelt-Pettersen og Agnar Strøm Tveten.

Valkomiteen hadde innstilt Atle Hansen Røsseland som formann. Generalforsamlinga hadde ingen andre kandidatar og Røsseland vart valt ved akklamasjon.

Innstillinga frå valkomiteen på styrelemer var som fylgjande:

Tok ikkje gjenval:

Alf Magne Horneland

Cecilie Tveit

Styrelemer som tok gjenval:

Kenneth Gundersen

Arne Stray-Pedersen

Hans Olav Neteland

Nye styrelemer for 4 år:

Christin Pedersen

Roar Størksen

Varalemer:

Ante Matti Karlstad


Marit Strengen

Ole Harald Budal


Innstillinga frå valkomiteen vart godkjent og styret vart valt ved akklamasjon.

Valkomiteen tok gjenval og vart valt ved akklamasjon.

Som medlem til Sjøforsvarets Sanitets Utdanningsfond foreslo valkomiteen Christin Pedersen, med personleg varalem Roar Størksen. Desse vart valt ved akklamasjon.



Hans Olav Neteland, referent



Agnar Strøm Tveten